



Tre vil køyre buss i Vest (Sotra/Øygarden/Askøy)

PRESSEMELDING
16.05.2011

KONTAKTPERSON:
Karl Inge Nygård,
kontraktansvarleg i Skyss,
mobil: 930 88 971

Tre ruteselskap har i dag lagt inn tilbud i konkurransane om å køyre buss i Vest frå neste sommar.

Skyss kunngjorde 15. februar 2011 konkurranse om kven som skal køyre buss i Vest i perioden 25. juni 2012 til 24. juni 2019 med opsjon for oppdragsgjevar til å forlengje oppdraget med 1 + 1 år.

Følgjande selskap har i dag levert inn tilbud:

- Nettbuss Drammen AS
- Nobina Norge AS
- Tide Buss

Prisen i dei innleverte tilboda varierer frå 169 980 000 kr til 153 905 558 kr pr år.

Vinnaren av anbodskonkurransane vil bli kåra ut frå ei vurdering av desse tildelingskriteria:

Pris (60 prosent), kvalitet (30 prosent) og miljø (10 prosent). Kontrakten vil venteleg bli tildelt i slutten av juni.

Oppdraga omfattar all rutetransport inkludert skoleskyss. Kontrakten med Skyss har eit omfang på omlag 110 bussar totalt. I kontraktane stiller Skyss krav om bussar som er universelt utforma.

Operatøren av ruteområde Vest skal nytte bussenlegga på Straume og Haugland.

Det er i dag Tide Buss AS som har avtale med Hordaland fylkeskommune om busstrafikken i dette området. Når kontrakten for Askøy og Sotra/Øygarden er tildelt er busstransporten i heile fylket er konkurranseutsett.

Hordaland fylkeskommune ved Skyss administrerer kollektivtrafikken i fylket gjennom å planlegge, kjøpe og marknadsføre kollektivtransport på buss, bybane, båt og ferje.